
Fra: Leif Taule <leif.taule@gmail.com>
Sendt: onsdag 2. oktober 2019 14:19
Til: Postmottak Radøy; Jarle Landås; Jon Askeland
Kopi: Lisbeth Toppe Alvær
Emne: Spørsmål spørjetimen

UTVIDING AV MANGER SKULE - PLANLEGGING

Det er sett av midlar i budsjettet for 2019 for å greia ut korleis ein kan få til ei utviding av Manger skule.

Eg er kjent med at det er engasjert eit konsulentfirma til dette arbeidet.

Ber om at kommunestyret får ei orientering om arbeidet så langt.

UTEOMRÅDET MANGER SKULE

Det har vore eit stort arbeid gjennom mange år med opprusting av uteområda til skulane og barnehagane.

Slik det ser ut no, trengst det ei skikkeleg opprusting av uteområdet på Manger skule.

Kva planar er det for å setja området i tilfredsstillande stand innan rimeleg tid?

NØTELEVÅGSVEGEN

Radøy kommune har gjennom mange år hatt ei stor satsing på kommunale vegar og dei alle fleste er no i rimeleg god stand.

Det står att ein veg - Dale - Nøtlevåg, som det er sett av midlar til i budsjettet for 2019.

Men lite har skjedd.

Kva er grunnen til dette og får ein denne opprustinga i boks før året er omme?